

# Hjelper Europas fattigaste

Dette skuleåret har Fusa vidaregåande for første gong valt «Hjelp Moldova» som mål for sin årlege solidaritetsaksjonsdag, til liks med Os-skulane.

Åsa Nord  
asa@osogfusa.no

For å sjå behovet for hjelp med eigne øye, og deretter inspirera medelevane sine til innsats på aksjonsdagen, dreg derfor sju elevar frå dei vidaregåande skulane i Os og Fusa i haust til Moldova.

## Bestemt på allmøte

– Elevrådet tok i år initiativet til eit allmøte for å stemma over om årets solidaritetsspengar skulle gå til Operasjon Dagsverk (OD) eller «Hjelp Moldova». Valet falt på sistnemnde, fortel Gro Fjeldtvedt, elevinspektør ved Fusa Vidaregåande skule.

Skulen har eit nært samarbeid med Os-skulane, og har gjennom besøk av dei fått godt inntrykk av arbeidet Hans Bjørn Bakkeiteig gjer i landet. Fjeldtvedt trur dette var med å påverka avgjersla.

– Elevane som får reisa dit får sjølv sjå korleis prosjektet fungerer – informasjon dei tek med seg vidare her på skulen. Ei slik reise kan gje unik innsikt i korleis det er å leva under vanskelege forhold, personlig vekst og gode ringverknader som kan bidra til meir rettferd i verda, meiner Fjeldtvedt.

## Drivkraft frå Os

«Hjelp Moldova» er ein uavhengig humanitær hjelpeorganisasjon, der osingen Hans Bjørn Bakkeiteig det siste tiåret har vore blant drivkraftene.

Organisasjonen blei starta opp i 1993. I starten dreiv dei rein naudhjelpearbeid, ved å senda trailerlaster med mat og klede til landets fattige og trengande innbyggjarar. Sidan Bakkeiteig kom med i organisasjonen for vel 12 år sidan har



Her er gjengen som skal til Moldova i år: Bak frå venstre: Rayan Younes Isaam Svendsen, Johannes Helland, Rune Nilsen, Jarle Eid Bratholmen, Nils A. Hamre og Ola Veglo Drange. Framme frå venstre: Hans Bjørn Bakkeiteig, Rune Rosland, Ingvild Lekven Jonsvoll, Sunniva Tho, Lind Røttingen, Elise Aga, Gro Fjeldtvedt og Ole Bjørn Eikeland. (Foto: Ann Haugland)

hovudaktiviteten vore synshjelp.

I tillegg driv dei barnehagar og barneheimar.

## Får følgja tett

Fleire år på rad har vidaregåande skular i Os tatt valet om å samla inn pengar til støtte for organisasjonen, i staden for å delta på den tradisjonelle OD-dagen.

– Elevane våre får eit anna forhold til dette prosjektet, som dei kan følgja tett og sjå utvikla seg år for år, samanlikna med OD – der det er nye prosjekt som får støtta kvart år, seier Hilde Paaske-Knauer, elevinspektør ved Os Gymnas.

Skulen hennar er i år med for tredje år på rad, medan Os vidaregåande var først ut og bidreg i år for sjette år på rad. Nytt av året er altså at også Fusa vidaregåande skule er med.

## Dyrt med briller

Briller er svært dyrt i landet.

Synshemma born som kunne gått på vanleg skule med litt hjelp, ender difor ofte på blindesteskule.

– Bakkeiteig har derfor ei høg stjerne, etter å ha vore der i så mange år og gjort denne viktige jobben, seier Paaske-Knauer.

Ho fortel at Os gymnas berre har gode erfaringar frå samarbeidet med organisasjonen.

– Særleg er det flott at vi får senda representantar for elevane våre dit for å oppleve hjelpearbeidet med eigne øye. Dei kjem att med svært sterke opplevelingar i det som er Europas desiderat fattigaste land.

## Byggja barnehage

Ekstra spesielt er det at Os vidaregående i år sender to elevar og to lærarar frå byggfaglinja for å vurdera om skulen kan gje hjelp på ein heilt bokstavleg måte, ved å bidra med bygging av ein barnehage der nede.

– Dei skal ta stilling til om vi kan organisera eit prosjekt der

vi sender enkelte elevar ned saman med lærarar, for å ha praktisperiode og få fart på byggearbeidet.

## Ulike aksjonsdagar

Dei tre skulane i Os og Fusa har valt forskjellige aksjonsdagar, noko Paaske-Knauer trur kan vera lurt når så mange elevar skal ut og prøva og skaffa seg ein jobb.

– Hos oss er det fredag 30. januar som er sett av. Då skal elevane jobba ein dag for ein fast sum pengar. I fjor var det 400 kroner som blei bestemt.

– I fjor samla vår skule inn kr 112.000. Det er det beste resultatet nokon gong, seier Ann Haugland ved Os vidaregående.

Ho kan også fortelje at skulen har sett av fredag 5. desember som solidaritetsdag dette skuleåret.

Fusa vidaregåande er først ut av dei tre – med 6. november som sin aksjonsdag.

## Gularveteranar på tur

Helse og kosthald er eit heitt tema i alle media og der folk møtes. Det er også fysisk trenings. Føremålet med denne vesle reportasjen er å bidra med innsyn i korleis ei gruppe, med ulik bakgrunn, ulike mål og ulike føresetnader, kan ha det kjekt saman og samstundes oppnå helsegevinst både fysisk og mentalt.

Veterangruppa i Gular er samansett av medlemmer som har vore aktive i Idrottslaget Gular i heile sitt vaksne liv, og andre som har sluttar seg til dei siste åra. Nokre nærmar seg 80 år, andre er langt over 80.

Alle har same syn på fysisk aktivitet, noko som både kroppen likar og som er mentalt po-



På pallen står medaljevinnarane etter hesteskokastinga på Tønnegarden. Frå venstre Trygve Monstad, Leif Bjordal og Per Einar Sønnesyn.

sittivt.

Medlemmene trenar to gonger i veka, nokre for å delta på stemner og meisterskap, andre



Gularveteranar – "like i skinn, men ulike i sinn".  
(Begge foto: Per Einar Sønnesyn)

tek seg berre ein gåtur. Uansett så gjer ein dette i lag.

Tysdag 26. august var Gular-veteranane på tur til Holmefjord der det vart arrangert soialt samvær og konkurranser i Hesteskokast på Tønnegarden i

Samnøy. Der deltok også 80 åringer frå Bogøy som fant seg vel til rette i det gemyttlige miljøet.

Arne Nymark

## Dyrevener frå Fusa

Det populære barneprogrammet «Dyrevenn» på NRK Super har vore i Fusa og laga reportasje om fire unge jenter frå Holmefjord. Serien hadde premiere onsdag, og går over 10 episodar. Det er ikkje fastsett kva tid episoden med Fusa-jentene går på lufta.

– NRK har sagt at episoden kjem i september, men førebels har me ikkje fått vita kva dato det er snakk om, seier Lin Anthun, som er mor til ei av jentene.

«Os og Fusaposten» kjem tilbake med meir seinare.

## Mannskor på friarføter

Os Mannskor er slett ikkje noko lite kor – men likevel er dei stadig på jakt etter nye medlemmer.

I dag, laurdag har dei sett seg føre å sjarmera handlande på AMFI, slik at dei let seg freista av ei framtid med mannskoret som hobby.

Først på dagen skal dei gjera det dei liker aller best – nemleg opptre med song ved Oselvarverksta- den.

Derfrå går vegen til det lokale kjøpesenteret der dei har planlagt fleire små stund med spontansynging og utdeling av vervebrosjyrar. På den måten håpar dei å møta mange potensielle nye songarar.

– Vi gjorde det same i fjor, og då melde kring 15 nye medlemmer seg, fortel leiar for koret, Terje Skutlaberg.

Å.N.

**OS & FUSA POSTEN**

## Feil namn på modellbil-mekkar

I sist nummer av «Os og Fusaposten» hadde me ein reportasje om Noregs-cuppen i modellbilkøyring på Nore Neset. Her kom me dessverre til å brukha feil namn på ein av dei yngre karane som vart forevigda. I biletteksten til biletet over skreiv me at Martin Bergsvåg gjør seg ferdig med siste finpuss på bilen før køyring. Dette var feil. Guten som gjorde siste finpuss var Filip Uglehus Rød.



Rette namn på denne modellbil-mekkaren er Filip Uglehus Rød.